



ÅRSMØTE I NAUSTDAL BÅTLAG

Måndag 31. mars 2014 kl. 18.00 på Håjen kafé

Sakliste

1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner innkallinga og sakliste til årsmøte.

2. Val av ordstyrar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Egil Gulholm til ordstyrar.

3. Val av skrivar

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vel Jan Petter Sæbø til skrivar.

4. Val av to personar til å underskrive årsmøtereferat

Årsmøte valde:

5. Årsmelding

Styret sitt framlegg:

Årsmøte tek årsmeldinga for 2013 til vitande.

6. Rekneskap

Styret sitt framlegg:

Årsmøte godkjenner rekneskapen for 2013

7. Fastsetje medlemskontingenten

Skal ein dekke inn nødvendige investeringar på kort sikt og bygge opp att ein eigenkapital i båtlaget for framtidige investeringar og vedlikehald må inntektene aukast. Etter styret si vurdering bør ein ikkje basere eit budsjett på ekstra

kontingentar, men etablere ei ordning som gir ei meir føreseieleg drift av båtlaget. Inntektene til båtlaget ligg i medlemskontingent og årleg avgift for båt plassane. I 2013 utgjorde dette kr. 26.600 i medlemskontingent (133 medlemmer x kr. 200,-) og 90.500,- i båt plass avgift. Til saman var inntektene på kr. 117.100

Etter styret si vurdering er det behov for å auke dei samla inntektene med minimum kr. 90.000,- kvart år framover. Styret vil foreslå at ein aukar både medlemskontingenten og båt plassavgifta for 2014.

Medlemskontingenten er i dag på kr. 200,- Styret foreslår å auke denne til kr. 300,- Det vil gi ei samla inntekt på kr. 39.000 (130 medlemmar), ein auke på kr. 13.300,-

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset medlemskontingenten for 2014 til kr. 300,-

8. Fastsetje årleg avgift for 4m, 6m og 8m båt plass

Styret viser til saksutgreiinga i førre sak om medlemskontingent. Årleg avgift for båt plassane var i 2013:

4m båt plass kr. 800,-

6m båt plass kr. 900,-

8m båt plass kr. 1000,-

Styret vil foreslå at den årlege avgifta for kvar båt plass vert auka med kr. 800,- Det vil gi ei samla inntekt på kr. 169.700,- ein auke på kr. 79.200,-

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset årsavgifta for 2014 til:

4m båt plass kr. 1600,-

6m båt plass kr. 1700,-

8m båt plass kr. 1800,-

9. Fastsetje innskot for 4m, 6m og 8m båt plass

Styret har justert innskotet for 4m, 6m og 8m båt plass etter konsumprisindeksen til SSB på 2.3% for 2013.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek innskotet for;

4 m plass innskot kr. 23.460, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. 24.000

6 m plass innskot kr. 28.960, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. 29.630

8 m plass innskot kr. 35.410, justert innskot etter konsumprisindeks til kr. 36.230

10. Fastsetje timegodtgjersle for dugnad

Styret sitt framlegg:

Årsmøte fastset timegodtgjersle for dugnad i 2014 til kr. 100,-

11. Drivstoffanlegg for bensin i båthamna.

På årsmøte i 2012 vart det i budsjettet sett av kr. 50.000,- til bensinanlegg i båthamna. Styret fekk i oppdrag å arbeide vidare med ein finansieringsplan.

Styret har undersøkt kva krav det er til bensinanlegg i båthamna og kva eit slikt anlegg eventuelt vil koste.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har gitt ut ei rettleiing for drivstoffanlegg. Rettleiinga utdjupar og forklarar krava i «forskrift om handtering av farleg avfall».

Formelle krav:

- Søknadsplikt etter plan- og bygningslova
- Meldeplikt til DSB etter forureiningsforskrifta

Andre krav:

Spesielle krav til bensinstasjonar gjeld og for mariner, pkt. 15.2

- 15.1 Tankar
- 15.2 Levering av drivstoff frå tankkøyretøy
- 15.3 Tryggleiksavstandar – avstand frå lufterøys-opningar (4m), avstand til brennbart materiale (5m)
- 15.4 Drivstoffpumper
- 15.5 Fylling av motordrivstoff
- 15.6 Handtering av spill og søl
- 15.8 Skilting og merking
- 15.3 Spesielle krav til marinaer
 - o Risikoanalyse
 - o Tryggleiksavstand mellom drivstoffpumper og båtplassar med overnatting 25m
 - o Tryggleiksavstand mellom drivstoffpumper og båtplassar utan overnatting 12 m
 - o 2 stk. 6 kilos pulverapparat

Som det går fram av rettleiaren og forskrifta er det ei rekkje krav til drivstoffanlegg og det er strengare krav til bensinanlegg enn til dieselanlegg.

Styret har henta inn førebelse priser på tank, graving, støyning mv., men ein må rekne med ytterligare kostnader for å oppfylle alle krava i forskrifta.

<i>Tank 3000 l</i>	<i>kr. 27.000</i>
<i>Tank 6000 l</i>	<i>kr. 38.000</i>
<i>Drivstoffteknisk arbeid inkl. overfyllingsvern, Forsyningsvern, forankringssystem, rør og deler til Påfylling sug og utlufting</i>	<i>kr. 35.000</i>

<i>Graving og nedlegging av tank</i>	<i>kr. 35.000</i>
<i>Støyping av forankringsplate under tank</i>	<i>kr. 10.000</i>
<i>SUM ca. priser og u/moms</i>	<i>kr. 118.000</i>
<i>Moms</i>	<i>Kr. 29.500</i>
<i>SUM inkl. moms</i>	<i>kr. 147.000</i>

Styret si vurdering:

Etter forskrift og krav frå DSB er det søknadsplikt etter plan- og bygningslova for drivstoffanlegg for bensin i mariner. Vidare er det meldeplikt til DSB og det må utarbeidast ein ROS-analyse.

Krav til ein tryggleikavstand mellom drivstoffpumpe og båtplassar med overnatting på 25m og 12m utan overnatting er den største utfordringa slik styret ser det. Gjestebrygga har ikkje ein avstand på 25m til drivstoffpumpe, der drivstoffpumpa står i dag. Det vil og vere ei utfordring med å ha båtar liggande i gjestebrygga når det er krav til minst 12 m avstand mellom båtplassar og drivstoffpumpe utan overnatting. I tillegg må eventuelt området fysisk stengast av slik at bubilar etc. ikkje kan parkere nær drivstoffpumpene.

Kostnadene som er henta inn er usikre og skal ein få eksakt pris for ei slikt anlegg må det utarbeidast ein spesifikasjon for anlegget før noko firma kan gi ein total pris. Med bakgrunn i dei formelle krav til drivstoffanlegg for bensin har styret ikkje gått vidare med å innhente meir eksakte priser.

Slik båthamna i dag er regulert med omsyn til gjestebrygge og båtplassar og med krav om 25m og 12m frå drivstoffanlegg til båtplassar tilrår styret at arbeidet med drivstoffanlegg for bensin i båthamna ikkje vert vidareført nå. Truleg vil ein heller ikkje få løyve etter plan- og bygningslova utan at båtlaget må flytte gjestebrygga og endre noko på båtplassane.

På årsmøte i 2012 vart det i budsjettet sett av kr. 50.000,- til bensinanlegg i båthamna. Etter styret si vurdering bør desse midlane omdisponerast til andre investeringar i båthamna.

Styret sitt framlegg :

Årsmøte vedtek at arbeidet med drivstoffanlegg for bensin ikkje vert vidareført, men kan vurderast på nytt dersom ein seinare gjer endringar i båthamna som gjer det mogeleg å oppfylle krav til avstand mellom drivstoffpumpe og båtplassar. Kr. 50.000,-, som var avsett til drivstoffanlegg kan nyttast til andre investeringar i båthamna.

12. Fornyng av det elektriske anlegget.

Styret og hamnesjefane har i 2013 hatt ein gjennomgang av det elektriske anlegget i båthamna. Status for anlegget er at det ikkje stettar krava i NEK 400 -7-709 marinaer og liknande områder. Det lokale el-tilsynet, E-Trygg, vil følgje opp saka med båtlaget.

For å få dette i orden har styret støtta seg til fagfolk og tilrådinga er å legge opp nytt elektrisk anlegg i hamna.

Styret har innhenta pris for materiell:

Nytt elektrisk anlegg Naustdal båtlag.

Kunde: NBL

Påslag materiell :

Timelønn :

Antall stk/m	Materiell	Sum Materiell	Timar
260	EMC-Line (IFS1) 1kV 3x 16FV/16mm ²	29 835,00	
50	EMC-Line (IFS1) 1kV 3x 6FV/16mm ²	2 700,00	
1	Skøytesett for kabel til dieselanlegg	405,00	
1	Sikringskap Cenika 63 A hovudsikr.	6 750,00	
2	Kurssikring 32 A ein til kvar brygge aust/vest	-	
2	Kurssikring 16 A ein til dieselanlegg ein reserv.	-	
		-	
7	Elfa stikkontakt søyle m/lys	87 412,50	
		-	
	Skøyte fram el. Tilførsel Seas:	-	
50	PFSP 3 x 50 AL + J	2 700,00	
1	Krympeskøyt for e-verkskabel	1 080,00	
1	SEAS skal ha for rigg og drift	6 750,00	
		-	
1	Dokumentasjon og samsvarserklæring	2 000,00	
		-	

Kostnad materiell u/moms er rekna til kr. 139.632. Med moms blir kostanden kr. 174.540. Styret har lagt inn kr. 175.000,- i budsjettet.

For å utføre arbeidet må vi knyte til oss ein elektroinstallatør som står ansvarleg for det som vert utført, samt utarbeiding av nødvendig dokumentasjon.

Båtlaget er heldige som har fagfolk på dette område som medlemmar. Vi tek derfor sikte på at det meste av arbeidet vert gjort på dugnad.

Styret sitt framlegg :

Årsmøte vedtek å legge opp nytt elektrisk anlegg innanfor ei kostnadsramme på kr. 175.000,- i båthamna som stettar krava til slik anlegg og elles etter dei spesifikasjonane som styret har lagt fram.

13. Reviderte lover for Naustdal båtlag

Lovene i båtlaget var sist revidert i 2005. Styret har erfart at lovene til dels er mangelfulle og uklare på nokre områder. Styret har derfor valt å gjere ein total revisjon av lovene. Forslag til reviderte lover er vedlagt saka.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til reviderte lover for Naustdal Båtlag.

14. Forslag til endringar i Hamnereglane

Det har og vore naudsynt å gjere endringar i hamnereglane som følgje av endringar i lovene. Forslag til revidert hamnereglar er vedlagt saka.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til endringar i hamnereglane.

15. Investerings-, og vedlikehaldsplan for 2014-2017

Styret har utarbeida ein investerings- og vedlikehaldsplan for perioden 2014-2017.

Det er første gong det er utarbeida ein slik plan, og det er meininga at den skal rullerast kvart år og handsamast av årsmøte. På denne måten vil årsmøte i større grad ha mogelegheit til å gjere vedtak om framtidige investeringar.

Investerings- og vedlikehaldsplan

	Prosjekt	Tiltak	Tidplan	Kostnader
1.	Opp-gradere det elektriske anlegget	Synfaring med elektroinstallatør og lokal el-tilsyn Innhente kostnadsoverslag Legge fram sak til årsmøte mars 2014	Utført Utført Innan 31.3.2014	175.000
2.	Bygge ut fleire båt plassar i båthamna	Sette i gang eit forprosjekt: - Utarbeide planteikningar og kostnadsoverslag - Innhente kommune og Statens Vegvesen si vurdering - Handsaming på årsmøte mars 2015	31.12.2014 Innan 31.3.2015	10.000
3.	Gjere moloen meir tilgjengeleg for publikum	Sette i gang eit forprosjekt: - Utarbeide plan for moloen. - Avklare med kommunen om del-finansiering. - Må sjåast i samanheng med forprosjekt om båt plassar, pkt.1	31.12.2014	0

		- Handsaming på årsmøte mars 2015	Innan 31.3.2015	
4.	Utskrift av brygger	Gjennomføre ei vurdering av framtidig utskifting av brygger. Vurdere «levetid». Utarbeide nærmare tidplan og kostnadsoverslag. Handsame plan på årsmøte mars 2015.	31.12.2014	0
5.	Få fleire båt-opstillingsplassar i båthamna eller i tilknytning til båthamna	Sette i gang eit forprosjekt <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide forslag til bruk av meieritomta - Ta opp med kommunen om bruk av meieritomta. - Handsaming på årsmøte mars 2016 	31.12.2015 Innan 31.3.2016	10.000
6.	Klubbhus/ servicebygg/ lager i båthamna	Sette i gang eit forprosjekt: <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeide teikningar og kostnadsoverslag - Avklare med kommunen om del-finansiering og mogeleg plassering - Handsaming på årsmøte mars 2017 	31.12.2016 Innan 31.3.2017	10.000
Tiltak - vedlikehald			Tidplan	Pris
1.	Vaske og olje alt trevirke på flytebrygger, gjestebrygge, nedgangsbuer og diesel bu.		Årleg	
2.	Byte ut defekte bord i brygger.		Årleg	
3.	Merke opp att båtplassar med nummer der vi har fått nye brygger.		2014	
4.	Reparere uttak for vatten på brygge i vestre hamn.		2014	
5.	Etterfylle jord på tak på alle buer.		Årleg	
6.	Sette fast landgang til kai ved slipp		2014	
7.	Rydde skog i hamneområde		Årleg	
8.	Korrigering av fortøying i austre- og vestre hamn.		Årleg	
9.	Rydde og gruse opp att opplagsplass/parkeringsplass i vest.		Årleg	
10.	Rydde og køyre vekk skrot og boss, dette er både i buene og uteområdet.		Årleg	
11.	Reparasjon av fortøyingslodd, montering av kjetting og tauverk.		2014	
12.	Vatn anlegg		Årleg	
				25.000

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til Investerings-, og vedlikehaldsplan for 2014-2017. Planen skal årleg rullerast.

16. Budsjet 2014

Styret viser til forslag til driftsbudsjett for 2014.

Styret har lagt inn ein auke i medlemskontingenten og båtplass avgifta og til saman utgjør dette ein auke i inntektene med om lag kr. 92.500 sett i forhold til 2013. Den store utgiftsposten i budsjettet for 2014 er kostnader til nytt elektrisk anlegg i hamna.

Ser ein isolert på inntekter og utgifter gir budsjettet eit underskot på kr. 38.300,- men tek ein med inneståande på konto og uteståande fordringar vil budsjettet gi eit overskot. Det er vidare teke høgde for avskrivningar av hamneanlegg og dieselanlegg og at det vert sett av kr. 90.075 til framtidige investeringar og vedlikehald.

Styret sitt framlegg:

Årsmøte vedtek styret sitt framlegg til driftsbudsjett for 2014.

DRIFTSBUDSJETT 2014				
NAUSTDAL BÅTLAG				
INNTEKTER				
Årsavgift	99 båt plassar	kr	169 700	
Medlemsavgift	130 stk	kr	39 000	
Ventelistegebyr		kr	5 000	
Sal av diesel		kr	135 000	
Sal av straum		kr	15 000	
Diverse inntekter (gjestehamn, slip, mv.)		kr	5 000	
Sum inntekter		kr	368 700	kr 368 700
UTGIFTER				
Kjøp av diesel		kr	110 000	
Kjøp av straum		kr	20 000	
Dugnad		kr	20 000	
Vedlikehaldsutgifter båthamna		kr	25 000	
Vedlikehaldsutgifter dieselanlegg		kr	24 000	
Kontorrekvisita / porto mv.		kr	4 000	
Møtekostnader		kr	3 000	
Godgjersle tillitsvalde		kr	4 000	
Rekneskapsfører		kr	12 000	
Oppjustering av elektrisk anlegg		kr	175 000	
Forprosjekt båt plassar i båthamna		kr	10 000	
Sum utgifter		kr	407 000	kr 407 000
Sum inntekter minus utgifter				kr -38 300
INNESTÅANDE PÅ KONTO 31.12.2013				
Driftskonto				kr 56 031
Kapitalkonto				kr 2 984
Sum				kr 59 015
UTESTÅANDE FORDRINGAR				
Sal av 6m plass				kr 29 630
Sal av 8m plass				kr 36 230
Andre fordringar				kr 3 500
Sum				kr 69 360
AVSKRIVINGAR				
Avskrivning hamneanlegg (9 år)		kr	500 000	kr 50 000
Avskrivning nye brygger 2013 (18 år)		kr	190 000	kr 9 500
Avskrivning dieselanlegg (9 år)		kr	220 000	kr 27 500
Sum avskrivningar				kr 87 000
Overskot (inntekter-utgifter+innståande på konto+utestående fordringar-avskrivning)				kr 3 075
AVSETJING TIL INVESTERINGAR (Overskot+avskrivningar)				kr 90 075

17. Val

Styret viser til eige framlegg frå valnemnda.

---O---